



Årdal kommune

Støttefunksjonen

Det kongelige Klima- og miljødepartement
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Vår ref.
11/805-7

Dykkar ref.

Sakshandsamar

Direktenr
57 66 51 09

Arkiv
K2 - K42

Dato:
09.04.2015

Høyringsinnspel frå Lærdal og Årdal kommune *Forslag til forskriftsendinger for mer effektiv felling av jerv*

Beitenæringa i Naddvik og i Borgund, som har felles beiteområde i fjella mellom Årdal og Lærdal, opplevde i 2014 att til saman 600 dyr vart borte på beite. Funn av kadaver fortel at det aller meste var det jerven som var skadedyr.

Ordførarane i Lærdal og Årdal støttar høyringsbrevet som er sendt frå ordførar Ivar Kvalen i Luster kommune.

Me ser det som særskild viktig at forskriftsendingar vert gjort og at det omsøkte lisensfellingforsøket vert gjennomført. Fylkesmannen og kommunane må få mynde til å gje dei naudsynte løyve/dispensasjonar i samband med forsøket.

Med helsing

Arild Ingar Lægneid
ordførar
Årdal kommune

Jan Geir Solheim
ordførar
Lærdal kommune



ÅRDAL KOMMUNE
Ordføreren

Vedlegg:

| Høyringsuttale frå Luster kommune



Det kongelige klima- og miljødepartement

Høyringsinnspel frå Luster kommune i høve "Forslag til forskriftsendringer for mer effektiv felling av jerv"

I Sogn har lisensfelling av jerv synt seg å vere svært vanskeleg, og me er langt unna å oppnå fullt uttak av lisenskvotane. Av 58 jervar som er felt i Sogn er berre sju felt på lisensfelling. Dei øvrige er tekne ut av SNO og realistisk sett vil nok lisensfelling åleine aldri bli tilstrekkeleg her. Luster kommune ser eit potensiale for høgare uttak i lisensfellinga og stør difor endringane for å gjera denne meir effektiv.

Luster kommune ser positivt på forslaget om å tillate bruk av kunstig lys til åtejakt på jerv. Dette vil gjere jegrane mindre avhengige av måneskin og gunstige lysforhold, noko som er naudsynt for å drive ei trygg jakt og dermed gjere jaktseasonen totalt sett meir effektiv. Bruk av kunstig lys til revejakt har vore lovleg lenge og fungerer godt i høve føremålet, me ser ikkje her nokon konflikt med andre interesser og ser ingen grunn til at dette skal stille seg noko annleis i høve jervejakt.

Luster kommune ser også positivt på at det framleis skal kunna gjevast løyve til bruk av snøscooter til utkøyring av åtebuer, åte og jervebåsar og at det vert opna for å gje løyve til transport av personell for tilsyn med båsan.

Det er viktig at det også vert opna for å gje løyve til transport av jegrar ut til åteplassane for å letta tilkomsten og gjera jakta attraktiv for fleire jegrar. .

I Luster, og elles i Sogn og Fjordane, der det er aktuelt å driva lisensfelling er det ikkje vinteropne vegar inn i fjellet og det er langt å ta seg fram til aktuelle åteplassar.

Luster kommune er positive til å opna for kamerakontroll av jervebåsar, dette vil kunna auka og effektivisera innsatsen i lisensfellinga vesentleg ved å redusera tidsbruken ved tilsyn. Det finst i dag kamera av høg kvalitet. Fylkesmannen som i dag godkjenner fangstbåsan bør bli tildelt mynde til å godkjenna plassering av båsan, tal båsar innafor fylket og type kamerautstyr.

Kommunane bør bli tildelt mynde til å gje løyve til snøscootertransport av jegrane inn til åteplassane og jervebåsan.

Luster kommune ser ikkje nokon fare for snøscooterkøyring i stort omfang. Både tal fangstbåsar og tal åter kan avgrensast ved godkjenning hjå fylkesmannen. Gjennom samarbeid mellom fylkesmannen, jegrar, kommunen og grunneigarar kan ein legge opp til eit fåtal åter på eigna plassar der ein veit jerven trekkjer. Omfanget av transporten vil dessutan avgrensa seg sjølv då ein er avhengig av ro rundt jakta.

Transporten føregår dessutan i hovudsak på stader og til tider det er lite alminneleg ferdsle og vil i liten grad vera til ulempe for friluftslivet.

Luster kommune ser det som særst viktig at forskriftsendringar vert gjort og at det omsøkte lisensfellingsforsøket vert gjennomført og at fylkesmannen og kommunane får mynde til å gje dei naudsynte løyve/dispensasjonar i samband med forsøket.

Med helsing

Ivar Kvalen
Ordførar
tlf. 57 68 55 02 / 95 19 18 29

vedlegg: Høringsbrev

Mottakar (ar):
Det kongelige klima- og miljødepartement

Kopi til:
Steinulf Skjerdal
Inger Moe
